



Statens vegvesen



Møre og Romsdal  
fylkeskommune



# E39 VIK-JULBØEN

FRAMTIDAS KOLLEKTIVSYSTEM

Region midt

Februar 2016

## Innhald

Ny E39 Vik–Julbøen i korte trekk .....	2
Julbøen–Molde .....	2
Vik–Vestnes .....	2
Nautneset, Midsund kommune .....	2
Reisetid med ny E39 .....	2
Gåande, syklende og trafikantar som ikkje kan ferdast på motorveg.....	3
Mjuka trafikantar over Julsundet .....	3
Mjuka trafikantar over Romsdalsfjorden.....	3
Om kommunane: .....	3
Folketal: .....	3
Pendling: .....	3
Dagens kollektivtilbod:.....	3
Reisetid Molde-Vestnes med buss:.....	4
Kollektivtilbodet i Aukra kommune .....	4
Kollektivtilbodet i Midsund kommune .....	4
Busstilbodet i Vestnes kommune .....	4
Ferjetilbodet Molde – Vestnes .....	4
Reisetid Molde-Vestnes med ferje: .....	5
Hurtigbåt Molde – Vestnes.....	5
Reisetid Molde-Vestnes med hurtigbåt:.....	5
Bussruter med ny E39: .....	5
Vestnes .....	5
Aukra/Midsund:.....	5
Sunnmøre .....	5
Rauma kommune.....	6
Økonomisk verknad for brukarar .....	6
Privatbil/ lette køyrety.....	6
Bilar over 3,5 tonn .....	7
Reisande i buss eller med hurtigbåt.....	7
Framtida for hurtigbåttilbodet «Romsdalsruta»....	7
Auka kollektivandel –utfordringar med ny veg. ....	7
Ferjene si rolle i klimapolitikken .....	7
Vidareført tilbod med hurtigbåt .....	8
Høgfrekvent busstilbod .....	9
Reisetid.....	9
Oppsummering .....	10
Vedlegg: .....	11
Tabell for høgfrekvent rutetilbod: .....	11
Utrekning av kostnader Molde-Vestnes .....	13
Passasjerstatistikk.....	13
Elevar som reiser dagleg (skoleåret 2015/2016) .....	13
Utrekning av reisetid .....	13
Kjelder:.....	13

## Bakgrunn

Gjennom høyringa på planprogrammet for utarbeiding av reguleringsplan for E39 Vik-Julbøen ba Vestnes kommune om at framtidig kollektivløysing over Romsdalsfjorden skulle utgreiast. Denne rapporten gjer greie for nettopp dette og vert eit vedlegg til reguleringsplanen for E39 Vik-Julbøen.

Statens vegvesen har sett ned ei styringsgruppe for rapporten der brei og relevant kompetanse i både Statens vegvesen og Møre og Romsdal fylkeskommune er med. Prosjektleiari for E39 Vik-Julbøen og samferdselssjefen i Møre og Romsdal fylkeskommune er også med her. Rapporten er skriven av Rolf Stavik (Møre og Romsdal fylkeskommune) og Maria Laingen (Statens vegvesen). Rapporten har vore ute til intern høyring i begge organisasjonane før ferdigstilling.

## Ny E39 Vik–Julbøen i korte trekk

Reguleringsplan for E39 Vik–Julbøen skal leggjast ut på offentlig ettersyn i 2016. Prosjektet inneber at det vert ferjefritt vegsamband mellom Molde, Midsund og Vestnes på E39. Reguleringsplanen for E39 Vik–Julbøen gir totalt 21 kilometer med ny veg. Tunnelen under Romsdalsfjorden blir ca. 15,5 km lang og hengebrua over Julsundet blir ca. 1960 meter lang, med eit hovudspenn på 1625 meter.

Dersom det samtidig vert bygd ny fylkesveg over Kjerringsundet mellom Aukra og Midsund vil dette også gi ferjefri veg frå fastlandet til Gossen i Aukra kommune. Ferjerutene Aukra–Hollingsholm, Solholmen–Mordalsvågen og Molde–Vestnes kan med desse vegprosjekta leggjast ned. Dette inneber med dagens ferjetilbod avløyning av totalt seks ferjer.

Det vert planlagt firefelts veg på heile strekninga. Vegen vert dimensjonert for 110 km/t. Tunnelane skal byggjast med to løp. Maksimal stigning er 5 prosent.

Kommunedelplanen opererer med dimensjonerande trafikkmengder (ÅDT) på 9400 for tunnelen og 13 300 over Julsundbrua i 2060.

### Julbøen–Molde

Det er varsla oppstart for reguleringsplan for ny E39 frå Julbøen til Molde. Løysinga inneber tunnel forbi Molde sentrum. Det vert planlagt planfritt kryss med eksisterande veg på Julbøen. Plassering av og teknisk løysing for avkøyring frå ny E39 til Molde sentrum er ikkje avklart.

### Vik–Vestnes

Ny E39 vert planlagt bygd utanom Vestnes sentrum. I denne fasen blir det planlagt for bruk av eksisterande veg frå Vik til Vestnes og vidare mot Ålesund. Vestnes sentrum (hurtigbåtkai) er føresett som kollektivknutepunkt i kommunen også etter opning av ny E39 Vik–Julbøen.

### Nautneset, Midsund kommune

Det blir planlagt knutepunkt for kollektivtrafikk på Nautneset.

### Reisetid med ny E39

Prosjektet gir moglegheit for å krysse Romsdalsfjorden utan risiko for forseinkingar som følge av uvær eller manglande kapasitet på ferjene.

Det vert også mogleg å reise uavhengig av avgangstider for ferjer.

Statens vegvesen reknar reisetid på følgjande måte: Overfartstid ferje + gjennomsnittleg terminaltid + tid mellom kvar ferjeavgang /2.

På bakgrunn av dette har Statens vegvesen kome fram til at prosjektet vil gje følgjande reduksjon i reisetid med bil:

*Molde–Vestnes: 25–28 minutt*

*Molde–Midsund: 30–32 minutt*

*Midsund–Vestnes: 80–82 minutt*

Dette reknestykket gir eit godt grunnlag for samanlikning mellom ulike vegstrekningar og ferjesamband. Det gir likevel ikkje eit heilt korrekt bilete for lokaltrafikk (både private reiser, næringstrafikk og kollektivtrafikk), som for ein stor del av høva både kan ferjetabellen og kan tilpasse seg til denne. Erfaringar frå andre ferjeavløysingsprosjekt viser likevel ein betydeleg oppgang i talet på reisande når ferja vert erstatta med eit fast samband. Det er slik grunn til å tru at ferja i seg sjølv er ei vesentleg barriere for dei reisande og pr. i dag ein faktor som bidreg til at talet på reisande ikkje er enno høgare.



<http://www.vegvesen.no/Europaveg/e39romsdalsfjorden/prosjektbeskrivelse>

## Gående, syklende og trafikantar som ikkje kan ferdast på motorveg

### Mjuke trafikantar over Julsundet

For dei som skal over Julsundbrua vil den nye vegen bli eit framsteg med gang- og sykkelveg over Julsundet. Planen er at også mopedar skal kunne nytte sykkelvegen over brua. I tillegg vil strekninga bli trafikkert med buss.

### Mjuke trafikantar over Romsdalsfjorden

Den 15 kilometer lange undersjøiske vegen blir ei sperre for gåande og kjøretøy som ikkje kan ferdast på motorveg (som mopedar og andre køyrety som ikkje kan køyre meir enn 40 km/t).

Dersom hurtigbåttilbodet blir oppretthalde eller vidareutvikla kan det være eit godt tilbod også for syklistar. Krav om fart og frekvens på hurtigbåttilbodet vil virke inn på kva tilbod som kan gjevast til andre trafikkgrupper som ikkje kan køyre tunnelen.

Bussane kan ta med sykklar, men talet på sykklar pr. tur er avgrensa. Alle bussar skal ha plass til minimum to på utvendig stativ pr. avgang. På turar med lite bagasje kan sykklar i tillegg takast med i lasterom under bussen.

## Om kommunane:

### Folketal:

Molde kommune: 26 392

Rauma kommune: 7 445

Vestnes kommune: 6 708

Aukra kommune: 3 466

Midsund kommune: 2 068

Alle tal er henta frå [www.ssb.no](http://www.ssb.no) og er pr. 2015.

### Pendling:

Kort oppsummert har Rauma, Vestnes, Aukra og Midsund kommune mange arbeidsplassar knytt til industri og landbruk, men færre kompetanse-arbeidsplassar, dvs. ei mindre breidde i arbeidsmarknaden. Mange pendlar difor ut av heimkommunen for relevant arbeid for si

utdanning. Det er også ein del som pendlar frå desse kommunane til industriarbeidsplassar i Molde. For å reise mellom sør- og nordsida av fjorden er einaste reelle alternativet i dag fjordkryssing pr. ferje eller hurtigbåt.

For innbyggjarar busette i Vestnes kommune, samt i Rauma kommune austover til og med Innfjorden vil det ta kortare eller om lag like lang tid å kjøre via ferja Vestnes-Molde som via ferjesambandet Sølsnes – Åfarnes. Den klart raskaste reisemåten er via hurtigbåt (Molde-Vestnes). Hurtigbåten går frå kommunesentrum i Vestnes, som er Helland.

Tabellen under syner tal på arbeidspendlarar mellom ulike kommunar i nærområdet til ny E39 Vik-Julbøen.

		Arbeidsstad				
Bustad		Molde	Aukra	Midsund	Rauma	Vestnes
	Molde		165	61	62	62
	Aukra	468		1	1	7
	Midsund	141	6		1	2
	Rauma	296	1	1		75
	Vestnes	290	7	4	71	
1 195 personar pendlar til Molde						

Alle tal i tabell over er frå 2014.

Kjelde: Fylkesstatistikken 2015

Til samanlikning viser tilsvarende tal for pendlingsstraumar at det er 131 personar som pendlar frå Molde til Ålesund medan 34 personar pendlar andre vegen.

Rauma, Vestnes og Molde kommune har vidaregåande skolar. Pr. 2015 er det 127 elevar som har skolereisekort på hurtigbåt (frå Vestnes/Vikebukta) eller ferja Molde-Vestnes. Desse er i hovudsak busette i Vestnes kommune. 14 elevar pendlar andre vegen.

## Dagens kollektivtilbod:

Det er gjennomgåande ekspressbusstilbod på strekninga Volda-Moa/Ålesund-Molde-Kristiansund. Tilbodet har namnet Fram Ekspress. Det er Møre og Romsdal fylkeskommune som står bak. Frekvens og køyretider er tilpassa dei to ferjene på strekninga, Molde-Vestnes og Solavågen-Festøy. Denne bussruta er ofte beskrive som navet i

kollektivtilbodet i Møre og Romsdal. Bussen har fortrinnsrett på ferjene, og dette sikrar reisetid og regularitet samtidig som det styrkar bussen i konkurranse med privatbilen.

Dei gjennomgåande ekspressbussane gir også eit lokalt busstilbod på strekningane der bussen køyrer.

### Reisetid Molde-Vestnes med buss:

- Gangtid Vestnes: 2 minutt
- Buss (på ferje) Vestnes – Molde: 50 minutt
- Gangtid Molde < 100 meter: 2 minutt

### Reisetid Vestnes–Molde 54 minutt

### Kollektivtilbodet i Aukra kommune

Aukra kommune har 3 466 innbyggjarar. 2588 av desse bur på Gossen pr. 2015. Kollektivtilbodet i Aukra består utanom skoleskyss i hovudsak av busstilbod retta mot Molde, med tilbod for arbeidspendling og skoleskyss til vidaregåande skoler i Molde. Det er og mange som pendlar til gassanlegget på Nyhamna i Aukra. Busstilbodet er dels gjennomgåande på ferjene mot Molde og dels med korresponderande buss til/frå ferje. Nokon bussavgangar korresponderer med ferja frå Sandøy kommune.

Ferja Aukra–Hollingsholm har halvtimes avgangar i dei travlaste tidene og totalt 35 avgangar på kvardagar. Overfartstida er om lag 15 minutt, og ferja har kapasitet på 100 personbileiningar. Opningstida i sambandet er på om lag 19 timar på kvardagar, med seinare avgangar på kveld/natt om helga som gjev ei opningstid på om lag 20 timar.

### Kollektivtilbodet i Midsund kommune

Midsund kommune har 2036 innbyggjarar, og som i Aukra består kollektivtilbodet i Midsund utanom skoleskyss i hovudsak av busstilbod retta mot Molde, med tilbod for arbeidspendling og skoleskyss til vidaregåande skoler. Busstilbodet er dels gjennomgåande på ferjene mot Molde og dels med korresponderande buss til/frå ferje. I Midsund er det og bussforbindelsar til og frå ferja Dryna–Brattvåg.

Ferja Solholmen–Mordalsvågen har halvtimes avgangar i dei travlaste tidene og totalt 30 avgangar på kvardagar. Overfartstida er om lag 15 minutt. Ferja har kapasitet på 52 personbileiningar.

Opningstida er om lag 19 timar på kvardagar og litt mindre på helg.

### Busstilbodet i Vestnes kommune

Vestnes kommune har 6 615 innbyggjarar. Lokalt busstilbod i kommunen er retta dels mot Vestnes sentrum og hurtigbåtkaia og dels mot Furneset og ferjene til/frå Molde. Det er og busstilbod frå Vestnes mot Åndalsnes. Gjermundnes vidaregåande skole med opplæring i naturbruk, mekaniske fag og allmennfagleg påbygging har om lag 120 elevar. Skolen ligg om lag sju kilometer frå Vestnes sentrum i retning mot Åndalsnes.

Det lokale busstilbodet er tilpassa arbeidspendling og skoleskyss. Elevar til vidaregåande skolar i Molde reiser dels med båt og dels med ferje. *FRAM Ekspress* har gjennomgåande busstilbod kvar time på kvardagar på strekninga Kristiansund–Molde–Moa/Ålesund–Ørsta/Volda. Det er sju avgangar i kvar retning på laurdagar og ni avgangar på søndagar. Bussane har 15 avgangar over fjorden i kvar retning på kvardagar, og har normalt ledig kapasitet på alle avgangar. Om lag 86 000 passasjerar pr. år reiser gjennomgåande med buss over fjorden.



Vestnes kommune er vert for to Europavegar, E136 Dombås–Ålesund og E39 Stavanger–Trondheim. Gjennomgangstrafikken på desse vegane utgjer ein vesentleg del av trafikken både på veg og ferjer.

### Ferjetilbodet Molde – Vestnes

Med døgnopen drift heile uka og avgang kvar halvtime eller oftare på kvardagar er ferja ein viktig del av kollektivtilbodet mellom Vestnes og Molde. I Molde anløper ferja sentrum, og mange reisande nyttar ferja som «buss» over fjorden. Det er fire ferjer som trafikkerer sambandet, alle med ein kapasitet på 120 personbil-einingar eller meir. Talet på reisande som ikkje er passasjerar i bil eller buss er anslått til 321 000 pr. år. Desse passasjerane kjem eller blir henta på Furneset med bil eller buss, dei parkerer eigen bil på ferjekaia, dei går eller dei sykklar. Dette er 2,5 gangar så mange som dei som nyttar hurtigbåt over fjorden.

### Reisetid Molde-Vestnes med ferje:

- Reisetid Helland–Furneset (pr. bil), inkl. parkering og ombordstiging: 10 minutt
- Overfartstid: 40 minutt
- Gangtid til Molde rådhus 600 meter: 5 minutt

**Reisetid Vestnes–Molde: 55 minutt**

### Hurtigbåt Molde – Vestnes

Frå januar 2017 er Boreal Transport Nord AS operatør på ruta Molde–Vestnes med kontrakt gjeldande til 31. desember 2024. Ifølgje kontrakten skal det være ni avgangar kvar veg måndag - fredag og tre avgangar på søndag. Båten har ein kapasitet på 147 passasjerar og fraktar årleg 130-140 000 passasjerar over fjorden. Årlege driftskostnadar på Romsdalsruta kjem på 12 mill. kroner. Av desse dekker passasjerinntektene om lag 30 prosent eller 4 mill. kroner.

Hurtigbåten har sprengt kapasitet på avgangen frå Vestnes klokka 07:30. Mange av passasjerane er skoleelevar som har skolereisekort på ferja og har fått beskjed om å nytte denne, men som vel å kjøpe periodekort for ungdom for å kunne følgje båten. Ved å ta bort retten til å nytte periodekort for ungdom på denne avgangen ville båten hatt betre kapasitet til andre grupper reisande.

### Reisetid Molde-Vestnes med hurtigbåt:

- Gangtid Helland: 2 minutt
- Terminaltid/ombordstiging: 5 minutt
- Overfartstid: 20 minutt
- Gangtid Molde < 100 meter: 2 minutt

**Reisetid Vestnes–Molde 29 minutt**

### Bussruter med ny E39:

Når ferjeruta Molde–Vestnes vert lagt ned etter vegopninga, køyrer bussen via Julbøen–Vik til Vestnes. Køyretida blir som før mellom Molde og Vestnes, og endringa vil difor ikkje påverke rutetabellen i særleg grad. Den nye traseen vil derimot bidra til betra busstilbod til/frå Aukra og Midsund.

Bussar i rutegående transport har fritak frå å betale bompengar, men køyrelengda aukar når ferja vert nedlagt. Dette vil igjen gi ein meirkostnad for Møre og Romsdal fylkeskommune på 6 400 000 kroner pr.

år. I dette talet er det rekna inn at kostnaden til ferje vert 4 mill. kroner lågare pr. år. Noko av meirkostnaden vert dekt inn av auka busstakst som ei følgje av auka distanse. Kostnad pr. billett pr. passasjer vert lågare etter opning av ny veg, men sidan heile beløpet går til busselskapet som trafikkerer strekninga, vert delar av kostnadsauken dekt opp for på denne måten.

### Vestnes

Gjennomgåande ekspressbussar vil gi busstilbod mellom Vestnes og Molde. Reisetida vil bli om lag uendra. I forhold til i dag med buss- og ferjebillett, vil billettprisen vil bli noko lågare for reisande på enkeltbillett og om lag uendra for reisande som nyttar periodekort.

For å transportere alle skoleelevane frå Vestnes til Molde må det minst settast opp tre ekstra bussar på morgon og ettermiddag, totalt 50 000 kilometer til ein kostnad på 1,5 mill. kroner årleg. Trafikkavviklinga blir lettare når ikkje ferjetidene setter rammer for tilbod og avgangstider.

### Aukra/Midsund:

Veg over Kjerringsundet og Julsundet vil gjere det enklare å reise mellom øyene og Molde. Internt mellom øyene er det i dag lite pendling, men vegen vil opne for eit større lokalt bu- og arbeidsmarknad. Ingen av kommunane har vidaregåande skular, og hovudpendlinga går for begge kommunane mellom kommunen og Molde. Nord- og sørgående ekspressbuss vil passere på Nautneset om lag ti minutt på heil time slik rutetabellen ser ut i dag.

Innsparte ferjekostnader vil vere større enn kostnader for å køyre den auka distansen for buss.

### Sunnmøre

For reisande frå Sunnmøre vil vegløyninga ikkje føre til store endringar før ny E39 er bygd sørover frå Vik. Reisetida vil her bli om lag som i dag, og det er ikkje grunn til å tru at vegløyninga fører til stor endring i talet på kollektivreisande. Reisetida for busspassasjerane vil bli uendra. Billettprisen for buss vil auke, men noko av dette vert kompensert for med at ferjebilletten fell bort.

## Rauma kommune

Dei fleste som pendlar ut av Rauma pendlar til Molde. For størstedelen av kommunen er det pendling via Åfarnes–Sølsnes som er både raskaste og rimelegaste vegen. Dersom tilbodet over Langfjorden blir utvida til to ferjer heile året, vil det forsterke strekninga som den viktigaste vegen mellom Romsdalen og Nordmøre og Romsdalshalvøya både med tanke på attståande køyrety og frekvens på avgangar.

Tresfjordbrua opnar elles for auka samordning av rutetilbod mellom Rauma og Vestnes kommune.

## Økonomisk verknad for brukarar

Rapporten legg til grunn at det ikkje blir betaling for verken passasjerar eller buss i rute gjennom dei planlagde bomstasjonane. Prisen for personbil på strekninga Vik–Julbøen er venta å bli om lag 150 kroner for lett bil og to gongar lettbiltakst for tunge køyrety (jf. Prop. 1S Tillegg 2/Innst. 1S (2015-2016 om nytt takst- og rabattsystem). Med AutoPASS-brikke får lette køyrety 20 % rabatt. Tunge køyrety får ikkje rabatt (AutoPASS-brikke er obligatorisk). For køyrande som berre kryssar Julsundet er venta kostnad om lag 90 kroner for lett bil. Desse tala er basert på standard tillegg i høve til det ferjebillett på strekninga kosta før opning av fjordkryssinga.

I tillegg til bompengane vil det vere ein kostnad knytt til bruk av bil, anten det er ei reise gjennomført i eller utanfor arbeidstid (drivstoffkostnader, forsikring, slitasje på køyrety m.m.). Strekninga Vestnes–Molde aukar med 37 kilometer. Til samanlikning vert strekninga mellom Tomrefjord (ved Vik/sørsida av tunnelpåhogg) og Molde om lag 16 kilometer lengre.

## Privatbil/ lette køyrety

Kostnadene ved bilbruk er vanskeleg å fastsette. Staten sine satsar for køyregodtgjersle er på 3,45 kroner pr. kilometer for køyring over 10.000 km/år. Til samanlikning opererer Vegdirektoratet med ein privatøkonomisk kostnad på 3,12 kroner pr. køyrde kilometer for lette køyrety. Kjelde: Handbok V712, Konsekvensanalyser. Det er ei kjensgjerning at valet mellom bil og kollektive reisemiddel mellom anna vert gjort på bakgrunn av oppfatta kostnad knytt til dei ulike transportmidla. Ein rapport frå 2007 (Toftegaard, kjelde er vist bakarst i rapport) undersøker opplevde kostnader knytt til bilbruk, såkalla «åtferdsrelevante kostnader ved

bil drift». Med dette vert meint den kostnaden som påverkar valet av transportmiddel (og om turen skal utførast). Rapporten konkluderer med at den gjennomsnittlege opplevde kostnaden er 1,94 kroner pr. km (KPI-regulert frå 2007-kroner), men at dette talet er lågare enn dokumenterte kostnader pr. kilometer ved bilbruk. Til samanlikning rekna Opplysningskontoret for vegtrafikk samstundes den faktiske privatøkonomiske kostnaden til 3,67 kroner pr. kilometer.

Tabellen under viser kostnaden for brukarar som utnyttar rabattane som er tilgjengelege i høve til kostnaden for brukarar som ikkje får rabatt.

Tabellen syner prisdifferansen for brukarar som nyttar rabattane som er tilgjengelige og tilfeldige brukarar som ikkje får rabatt. Det er elles vist kostnad for bilbruken i høve til både opplevd kostnad i faktisk kostnad.

I utrekninga under er det elles lagt til grunn ein takst på lett bil på 150 kroner og ein rabatt på 20 % for lett bil ved bruk av AutoPASS-brikke. Dette gjev ein faktisk kostnad på 201 eller 251 kroner pr. veg, etter kva kilometersats ein legg til grunn.

Tabellen under syner kostnad for bilistar med og utan rabatt på ferje og i bomstasjon. Låg sats viser opplevd kostnad og høg sats viser faktisk kostnad.

Kostnader for liten bil Molde-Vestnes	Ferje	Ny E39
Kroner pr. tur låg sats med rabatt 1	103	201
Kroner pr. tur høg sats med rabatt 2	107	251
Kroner pr. tur låg sats utan rabatt 1	174	231
Kroner pr. tur høg sats utan rabatt 2	181	281

1) Bilistane sin opplevde kostnad knytt til bilbruk

2) Kostnad ved bilbruk, ref. SVV handbok V712  
Sjå elles vedlegg for forklaring av tabell.

Kostnaden for å køyre strekninga Vestnes–Molde etter opning av ny E39 aukar uansett kva sats ein legg til grunn for bruk av bil. Kostnadsauken er høgast for faste brukarar som nyttar seg av dei eksisterande rabattordningane.

Verken passasjerar i bil eller buss skal betale bompengar i AutoPASS-anlegg.

Til samanlikning er det i tabell under vist kostnader pr. person pr. veg ved samkøyring og kollektivreiser.

Kostnad pr. person med samkøyring i bil	
med 1 passasjer	102
med 2 passasjerar	82
med 3 passasjerar	72
med 4 passasjerar	66
Kostnad pr. person kollektivreise	
Enkeltbillett hurtigbåt	90
Periodekort 30 dagar hurtigbåt	42
Enkeltbillett buss	63
Periodekort 30 dagar buss	30

### Bilar over 3,5 tonn

For bilar over 3,5 tonn føresette denne rapporten at det skal betalast to gongar lettbiltakst for lette køyrety på ny E39, altså 300 kroner. Den økonomiske verknaden i høve til dagens kostnad er avhengig av lengda på køyretyet. Dette gjeld både kostnader til ferjebillett og kostnader ved køyrde kilometer. For vogntog på 17–19 meter (med rabattkort) kostar det i dag ca. 521 kroner pr. veg. Med ein antatt kilometerpris på 22 kroner for vogntog gir dette ein samla kostnad etter ny E39 på 1224 kroner. For vogntog vil ei overfartstid på meir enn 30 minutt på ferje ikkje vere udelt negativt, då overfartstida ikkje vert rekna som køyretid. Samla sett gir næringslivet inkludert transportnæringa likevel uttrykk for at det er eit svært stort behov for ein døgnopen veg utan den flaskehalsen som ferjesambandet i dag vert opplevd som.

### Reisande i buss eller med hurtigbåt

Tabellen under syner passasjertakstane Molde–Vestnes. Den grønne kolonnen syner taksten på ny veg. Enkeltbillett for vaksne vil gå ned med 14 %, medan periodekorta går opp med 4 %. Prisen for periodekort for studentar går ned med 14 %.

Takstar Molde–Vestnes			
Enkeltbillett	Buss sone 5	Buss/ferje	Hurtigbåt
Vaksen	63	73	90
Barn/honnør	32	46	45
Periodekort 30 dagar			
Vaksen*	1190	1144	1680
Student*	715	829	840
Ungdomskort	400	400	400

\* Buss/ferje, inkl. ferjetillegg kr 359

Generelt er konklusjonen at bompengar på strekninga gjer buss og hurtigbåt til enno betre økonomiske val for dei reisande.

## Framtida for hurtigbåttilbodet «Romsdalsruta»

Møre og Romsdal Fylkeskommune har teikna kontrakt om drift av hurtigbåtruter frå 2017 til 2024. Kontrakten inneheld ein klausul om at Romsdalsruta kan bli innstilt på eitt års varsel, tidligast frå januar 2019. Dette er knytt til trafikkutvikling på sambandet etter opning av Tresfjordbrua.

Også etter opning av ny veg mellom Vik og Julbøen vil dei reisande kome raskare frå Vestnes til Molde med hurtigbåt enn med bil. Når hurtigbåten i tillegg tilbyr løysing frå sentrum til sentrum er det eit konkurransefortrinn og ein kvalitet som mange ønsker å behalde. Med ein billettpris på 90 kroner for vaksen og 1 680 kroner for periodekort (30 dagar) vil hurtigbåt for mange også være eit godt val økonomisk.

Med årlege driftsutgifter på 12 mill. kroner og driftsinntekter på om lag 4 mill. kroner har Møre og Romsdal fylkeskommune økonomiske utfordringar knytt til fortsatt drift av båten. Trafikkutvikling vil vere avgjerande for politisk vilje til å oppretthalde tilbodet parallelt med eit busstilbod.

## Auka kollektivandel – utfordringar med ny veg.

### Ferjene si rolle i klimapolitikken

I kollektivstrategien er ferjene nemnt som ein flaskehals. Med mål om redusert biltrafikk kan flaskehalsen bidra positivt ved at dei reisande vel å ikkje køyre. Statistikken frå ferjestrekninga Molde–Vestnes syner at dette kan vere effektivt.

Det er anslått at 321 000 passasjerar nyttar ferja som «buss» over fjorden (dvs. at dei ikkje er passasjerar i bil eller buss). Totalt er dei 3,8 gongar så mange som dei som reiser med buss (86 000), eller 1,5 gongar summen reisande på buss og hurtigbåt (216 000).



Ferja har følgjande tilbod/fortrinn i kampen om dei reisande:

- Korresponderande buss på begge sider av fjorden
- Gratis parkering på Furneset for om lag 200 bilar
- Høgfrekvent, døgnope ferjetilbod
- Billettpris vaksen kr 46,-/barn kr 23,- før rabatt
- Kafeteria

Når ferja med sine fortrinn forsvinn, har ein i tilsvarande prosjekt sett at storparten av desse passasjerane då vil reise i eigen bil eller som passasjer i bil. Skal vi klare å hente dei over på buss må dagens tilbod utvidast. Det må vere avgangar frå tidleg morgon til sein kveld for å dekke opp for skiftarbeid og minst tilpassa første og siste fly. I tillegg må billettprisen bidra til at bussen blir eit økonomisk gunstig val.

### Vidareført tilbod med hurtigbåt

Fjordkryssinga E39 Vik–Julbøen er 21 kilometer, medan den nye vegen vil gi ein køyreveg på 42 kilometer mellom Molde og Vestnes. Dagens hurtigbåt tilbyr ei overfartstid på tjue minutt frå sentrum til sentrum også vil vere det raskaste alternativet også når ny veg under fjorden er ferdigstilt.

At hurtigbåt kan vere attraktivt ser vi på strekninga Langevåg–Ålesund, der auka trafikk på båten ser ut til å vere ein konsekvens av auka aktivitet i Langevåg. Hurtigbåten på strekninga Ålesund–Langevåg har ei overfartstid på 10 minutt, medan køyretid i bil er rekna til 34 minutt.

Den reduserte transportlengda kombinert med høg kapasitet gjer at hurtigbåten kan konkurrere med privatbilen på energibruk på strekninga Vestnes–Molde. Med ei hastigheit på 25 knop vil båten med 147 seter bruke 0,51 liter pr. sete på overfarten. Bilen (fem seter) må køyre 42 km og vil bruke 0,59 liter pr. sete. Med 34 prosent belegg (gjennomsnittleg tal på passasjerar) vil båten bruke 1,51 liter pr. passasjer, medan bilen vil bruke 1,73 liter pr. passasjer.

Båten som betener ruta Molde–Vestnes tar 147 passasjerar. Dette tilsvarar tre bussar. Båten kan krysse fjorden på under 20 minutt. Ved å komprimere turane og sette opp avgang frå Vestnes 06:55 og 07:35 og frå Molde 15:05 og 15:45 kan

kapasiteten aukast i eine retninga morgon og kveld. Ved å sette inn raskare båt med hastigheit på 40 knop kan overfartstida senkast slik at båten kan tilby to avgangar i timen i kvar retning. Det er ikkje rekna på meirkostnad knytt til dette.

Det gjennomgåande busstilbodet får auka kostnader for å køyre strekninga Vestnes–Molde. Dersom det gjennomgåande busstilbodet blir borte på Vestnes og i Molde, kan sparte kostnader på busstilbodet nyttast til å auke båttilbodet. Reisande som nyttar buss kan bytte til båt på Vestnes eller Molde og på det viset korte ned reisetida.

Opplevd kvalitet knytt til transportmidlet og reisetid gjer at det er betalingsvilje for eit hurtigbåttilbod.

Fortsatt utvikling med auka bustadbygging og arbeidsplasser i sentrum på begge sidene av fjorden kan auke etterspørselen etter eit godt båttilbod. Lettare skrog, ny motorteknologi og alternative drivstoff kan bidra til reduserte utslipp og kostnader.

## Høgfrekvent busstilbod

Ein måte å møte kravet om auka kapasitet (for eksempel grunna auka etterspørsel etter ny E39 og/eller nedlegging av hurtigbåt) er å doble frekvensen på gjennomgåande bussar. Ved å doble dagens tilbod kan det gå buss kvar halvtime mellom Ålesund, Molde og Kristiansund.

### Ruteforslag:

Ålesund			07:00	07:30	08:00
Moa	00:25	12,0	07:25	07:55	08:25
Vestnes	00:55	57,0	08:20	08:50	09:20
Vik	00:10	8,0	08:30	09:00	09:30
Julbøen	00:20	22,0	08:50	09:20	09:50
Molde	00:15	11,0	09:05	09:35	10:05
Kr.sund	01:35	76,2	10:40	11:10	11:40

Kr.sund			07:40	08:10	08:40
Molde	01:30	75,8	09:10	09:40	10:10
Julbøen	00:10	11,0	09:20	09:50	10:20
Vik	00:20	22,0	09:40	10:10	10:40
Vestnes	00:05	8,0	09:55	10:25	10:55
Moa	01:00	57,0	10:55	11:25	11:55
Ålesund	00:20	12,0	11:15	11:45	12:15

Eit utvida ekspressbusstilbod vil bidra til at enda fleire kan velje bussen som sin transportør. Bussen vil på alle relasjonar tape i høve til bilen på reisetid, men med avgang kvar halvtime vil fleksibiliteten være god, og det er synergieffektar på heile strekninga.

Halvtimesavgangar vil krevje at Fram Ekspress utvidar med 2 263 000 kilometer årleg. Totale årlege driftskostnader for eit slikt busstilbod vil komme på 89 millionar kroner. 24 millionar kroner pr. år er her knytt til å trafikkere strekninga Molde–Vestnes. Til samanlikning forventar Møre og Romsdal fylkeskommune i 2016 390 000 reisande med Fram Ekspress, inntekter på 21 millionar kroner og driftsutgifter på 39 millionar kroner på strekninga Kristiansund–Molde–Ålesund.

Utviding av busstilbodet kan gjerast trinnvis og på deldistansar. Nytt sjukehus for Nordmøre og Romsdal på Hjelset vil bidra til å lage eit trafikkgrunnlag for eit høgfrekvent busstilbod. Med mellom 1 200 og 1 300 behandla pasientar pr. verkedag og om lag 1 800 tilsette, vil sjukehuset generere ny trafikk i høve til i dag.

## Reisetid

Tabellen under syner framtidige køyretider for strekninga Molde–Vestnes. Her er ikkje ventetid og skjult ventetid rekna med.

Reisetid Molde–Vestnes	Minutt
Hurtigbåt	20
Bil – ferje via Furneset	45
Buss – ferje via Furneset	47
Bil – via ny E39 Vik–Julbøen	36
Buss – via ny E39 Vik–Julbøen	45

Tabellen tar ikkje omsyn til gangavstandar, tid for parkering, omstiging eller liknande.

Rapporten viser at bilbrukarane vil spare 9 minutt på strekninga Vestnes–Molde, medan bussbrukarane vil spare 2 minutt.

Både med omsyn til tidsbruk og økonomi, vil reisande ha ein motivasjon for å bruke kollektivtilbod på strekninga Vestnes–Molde. Ny veg på strekninga og nedlegging av ferja kan også nyttast til å styrke det gjennomgåande tilbodet med Fram Ekspress.

## Oppsummering

Ny E39 vil gi andre krav til og moglegheiter for kollektivtrafikken over Romsdalsfjorden. Spesielt er det strekninga Molde–Vestnes som vert endra. Frå å ha eit sentrum til sentrum-tilbod med båt og eit høgfrekvent ferjetilbod skal tilbodet løysast med båt og buss eller berre med buss.

Det kan etablerast gode tilbod både med buss og med båt. Berre båten kan vinne over bilen i køyretid, men for brukarane vil både buss og båt vere gunstige val, særleg så lenge det er bompengar på veggen.

Flest mogleg kollektivreisande på strekninga er i tråd med staten sitt mål om nullvekst i bruk av privatbil i byområder.

For Vestnes og Rauma kommune vil eit godt kollektivtilbod vere ein føresetnad for at dei også i framtida skal vere ein del av eit felles bu-, arbeids- og servicemarknad med Molde. Dette både med bakgrunn i at det vert bompengar på strekninga Molde–Vestnes og på grunn av reisetid og frekvens buss og hurtigbåt vil kunne tilby i forhold til bil.

For bilisten vil ein tur Molde-Vestnes tur/retur med høgste rabatt koste 402 kroner, medan ein bussbrukar utan rabatt vil betale 126 kroner. For ein bussbrukar med periodekort vil reisa tur/retur koste 60 kroner dagen.

Reisekostnad Molde-Vestnes	Kr./tur
Hurtigbåt, vaksen enkeltbillett	90
Hurtigbåt, vaksen pr. reise periodekort*	42
Buss, vaksen enkeltbillett	63
Buss, vaksen pr. reise periodekort*	30
Personbil, pr. tur låg sats (rabattert)	201
Personbil pr. tur høg sats (rabattert)	251

*\*) Pris delt på 40 reiser (periodekort 30 dagar)*

Trafikkinntektene på kollektivtrafikk dekkjer ikkje driftsutgiftene verken for buss eller hurtigbåt. Høg lokaltrafikk vil likevel vere eit argument for både å skape og oppretthalde eit godt gjennomgåande kollektivtilbod til nytte for heile regionen.

Det er Møre og Romsdal fylkeskommune som har ansvaret for buss- og båtrutene, og ein er avhengig av politisk vilje og økonomisk evne til å finansiere desse.

# Vedlegg:

## Tabell for høgfrekvent rutetilbod:

**Rutetabeller** bil bunnfarge er dagens ekspresstabilbud Ålesund - Molde - Kristiansund

Man-fre Ålesund - Molde - Kristiansund	
Ålesund	05:30 06:00 06:30 07:00 07:30 08:00 08:30 09:00 09:30 10:00 10:30 11:00 11:30 12:00 12:30 13:00 13:30 14:00 14:30 15:00 15:30 16:00 16:30 17:00 17:30 18:00 18:30 19:00 19:30 20:00 21:00 22:00
Moa	05:55 06:25 06:55 07:25 07:55 08:25 08:55 09:25 09:55 10:25 10:55 11:25 11:55 12:25 12:55 13:25 13:55 14:25 14:55 15:25 15:55 16:25 16:55 17:25 17:55 18:25 18:55 19:25 19:55 20:25 21:25 22:25
Vestnes	04:50 06:20 06:50 07:20 07:50 08:20 08:50 09:20 09:50 10:20 10:50 11:20 11:50 12:20 12:50 13:20 13:50 14:20 14:50 15:20 15:50 16:20 16:50 17:20 17:50 18:20 18:50 19:20 20:20 20:50 21:20 22:20 23:20
Vik	05:00 06:30 07:00 07:30 08:00 08:30 09:00 09:30 10:00 10:30 11:00 11:30 12:00 12:30 13:00 13:30 14:00 14:30 15:00 15:30 16:00 16:30 17:00 17:30 18:00 18:30 19:00 20:00 20:30 21:00 21:30 22:30 23:30
Julbø	05:20 06:50 07:20 07:50 08:20 08:50 09:20 09:50 10:20 10:50 11:20 11:50 12:20 12:50 13:20 13:50 14:20 14:50 15:20 15:50 16:20 16:50 17:20 17:50 18:20 18:50 19:20 20:20 20:50 21:20 21:50 22:50 23:50
Molde	05:35 06:05 07:05 07:35 08:05 08:35 09:05 09:35 10:05 10:35 11:05 11:35 12:05 12:35 13:05 13:35 14:05 14:35 15:05 15:35 16:05 16:35 17:05 17:35 18:05 18:35 19:05 19:35 20:05 20:35 21:05 21:35 22:05 23:05 00:05
Kr.sund	07:40 08:40 09:10 09:40 10:10 10:40 11:10 11:40 12:10 12:35 13:10 13:35 14:10 14:35 15:10 15:35 16:10 16:35 17:10 17:35 18:10 18:35 19:10 19:35 20:10 20:35 21:10 21:35 22:10 22:35 23:10 23:35
Man-fre Kristiansund - Molde - Ålesund	
Kr.sund	06:10 06:40 07:10 07:40 08:10 08:40 09:10 09:40 10:10 10:40 11:10 11:40 12:10 12:40 13:10 13:40 14:10 14:40 15:10 15:40 16:10 16:40 17:10 17:40 18:10 18:40 19:10 19:40 20:10
Molde	05:40 06:40 07:10 07:40 08:10 08:40 09:10 09:40 10:10 10:40 11:10 11:40 12:10 12:40 13:10 13:40 14:10 14:40 15:10 15:40 16:10 16:40 17:10 17:40 18:10 18:40 19:10 19:40 20:10 21:10 21:40 22:10 23:10 00:10
Julbø	05:50 06:50 07:20 07:50 08:20 08:50 09:20 09:50 10:20 10:50 11:20 11:50 12:20 12:50 13:20 13:50 14:20 14:50 15:20 15:50 16:20 16:50 17:20 17:50 18:20 18:50 19:20 19:50 20:20 20:50 21:20 21:50 22:20 23:20 00:20
Vik	06:10 07:10 07:40 08:10 08:40 09:10 09:40 10:10 10:40 11:10 11:40 12:10 12:40 13:10 13:40 14:10 14:40 15:10 15:40 16:10 16:40 17:10 17:40 18:10 18:40 19:10 19:40 20:10 20:40 21:10 21:40 22:40 23:40 00:40
Vestnes	06:25 07:25 07:55 08:25 08:55 09:25 09:55 10:25 10:55 11:25 11:55 12:25 12:55 13:25 13:55 14:25 14:55 15:25 15:55 16:25 16:55 17:25 17:55 18:25 18:55 19:25 19:55 20:25 20:55 21:25 21:55 22:25 22:55 23:55 00:55
Moa	07:25 08:25 08:55 09:25 09:55 10:25 10:55 11:25 11:55 12:25 12:55 13:25 13:55 14:25 14:55 15:25 15:55 16:25 16:55 17:25 17:55 18:25 18:55 19:25 19:55 20:25 20:55 21:25 21:55 22:25 22:55 23:25 23:55
Ålesund	07:45 08:45 09:15 09:45 10:15 10:45 11:15 11:45 12:15 12:45 13:15 13:45 14:15 14:45 15:15 15:45 16:15 16:45 17:15 17:45 18:15 18:45 19:15 19:45 20:15 20:45 21:15 21:45 22:15 22:45 23:15 23:45
Lørdag Ålesund - Molde - Kristiansund	
fra Ålesund	08:00 09:00 10:00 11:00 12:00 13:00 14:00 15:00 16:00 17:00 18:00
Moa	08:25 09:25 10:25 11:25 12:25 13:00 14:25 15:25 16:25 17:00 18:25
Vestnes	05:20 06:20 07:20 08:20 09:20 10:20 11:20 12:20 13:20 14:20 15:20 16:20 17:20 18:20 19:20 20:20 21:20 22:20 23:20
Vik	05:30 06:30 07:30 08:30 09:30 10:30 11:30 12:30 13:30 14:30 15:30 16:30 17:30 18:30 19:30 20:30 21:30 22:30 23:30
Julbø	05:50 06:50 07:50 08:50 09:50 10:50 11:50 12:50 13:50 14:50 15:50 16:50 17:50 18:50 19:50 20:50 21:50 22:50 23:50
Molde	06:05 07:05 08:05 09:05 10:05 11:05 12:05 13:05 14:05 15:05 16:05 17:05 18:05 19:05 20:05 21:05 22:05 23:05 00:05
Kr.sund	07:40 08:40 09:40 10:40 11:40 12:40 13:40 14:40 15:40 16:40 17:40 18:40 19:40 20:40 21:40 22:40 23:40 00:40 01:40
Lørdag Kristiansund - Molde - Ålesund	
Kr.sund	08:10 09:10 10:10 11:10 12:10 13:10 14:10 15:10 16:10 17:10 18:10
Molde	07:40 08:40 09:40 10:40 11:40 12:40 13:40 14:40 15:40 16:40 17:40 18:40 19:40 20:40 21:40 22:40 23:40
Julbø	07:50 08:50 09:50 10:50 11:50 12:50 13:50 14:50 15:50 16:50 17:50 18:50 19:50 20:50 21:50 22:50 23:50
Vik	08:10 09:10 10:10 11:10 12:10 13:10 14:10 15:10 16:10 17:10 18:10 19:10 20:10 21:10 22:10 23:10 00:10
Vestnes	08:25 09:25 10:25 11:25 12:25 13:25 14:25 15:25 16:25 17:25 18:25 19:25 20:25 21:25 22:25 23:25 00:25
moa	09:25 10:25 11:25 12:25 13:25 14:25 15:25 16:25 17:25 18:25 19:25 20:25 21:25 22:25 23:25 00:25 01:25
Ålesund	09:45 10:45 11:45 12:45 13:45 14:45 15:45 16:45 17:45 18:45 19:45 20:45 21:45 22:45 23:45 00:45 01:45

søndag Ålesund - Molde - Kristiansund

Ålesund	07:00	08:00	09:00	10:00	11:00	12:00	13:00	14:00	15:00	16:00	17:00	18:00	19:00	20:00	21:00	22:00
Moa	07:25	08:25	09:25	10:25	11:25	12:25	13:25	14:25	15:25	16:25	17:25	18:25	19:25	20:25	21:25	22:25
Vestnes	08:20	09:20	10:20	11:20	12:20	13:20	14:20	15:20	16:20	17:20	18:20	19:20	20:20	21:20	22:20	23:20
Vik	08:30	09:30	10:30	11:30	12:30	13:30	14:30	15:30	16:30	17:30	18:30	19:30	20:30	21:30	22:30	23:30
Julbø	08:50	09:50	10:50	11:50	12:50	13:50	14:50	15:50	16:50	17:50	18:50	19:50	20:50	21:50	22:50	23:50
Molde	09:05	10:05	11:05	12:05	13:05	14:05	15:05	16:05	17:05	18:05	19:05	20:05	21:05	22:05	23:05	00:05
Kr.sund	10:40	11:40	12:40	13:40	14:40	15:40	16:40	17:40	18:40	19:40	20:40	21:40	22:40	23:40	00:40	01:40

søndag Kristiansund - Molde - Ålesund

Kr.sund	07:10	08:10	09:10	10:10	11:10	12:10	13:10	14:10	15:10	16:10	17:10	18:10	19:10	20:10	21:10	22:10
Molde	08:40	09:40	10:40	11:40	12:40	13:40	14:40	15:40	16:40	17:40	18:40	19:40	20:40	21:40	22:40	23:40
Julbø	08:50	09:50	10:50	11:50	12:50	13:50	14:50	15:50	16:50	17:50	18:50	19:50	20:50	21:50	22:50	23:50
Vik	09:10	10:10	11:10	12:10	13:10	14:10	15:10	16:10	17:10	18:10	19:10	20:10	21:10	22:10	23:10	00:10
Vestnes	09:25	10:25	11:25	12:25	13:25	14:25	15:25	16:25	17:25	18:25	19:25	20:25	21:25	22:25	23:25	00:25
moa	10:25	11:25	12:25	13:25	14:25	15:25	16:25	17:25	18:25	19:25	20:25	21:25	22:25	23:25	00:25	01:25
Ålesund	10:45	11:45	12:45	13:45	14:45	15:45	16:45	17:45	18:45	19:45	20:45	21:45	22:45	23:45	00:45	01:45

## Utrekning av kostnader Molde-Vestnes

I utrekninga under er det lagt til grunn ein takst på lett bil på 150 kroner og ein rabatt på 20 % for bruk av AutoPASS-brikke for lett bil. Dette gjev ein kostnad på 201 eller 251 kroner pr. veg, etter kva kilometersats ein legg til grunn.

Tabellen under syner kostnad for bilistar med og utan rabatt på ferje og i bomstasjon. Låg sats viser opplevd kostnad og høg sats viser faktisk kostnad.

Kostnader for liten bil Molde-Vestnes	Ferje	Ny E39
Km veg å køyre	4	42
Bilbruk låg sats, kr. pr. km 1)	1,94	1,94
Bilbruk høg sats, kr. pr. km 2)	3,12	3,12
Bompengar, 20 % rabatt	0	120
Ferjebillett, 50 % rabatt	68	0
0,7 passasjer, 17 % rabatt	27	0
Kroner pr. tur låg sats med rabatt	103	201
Kroner pr. tur høg sats med rabatt	107	251
Kroner pr. tur låg sats utan rabatt	174	231
Kroner pr. tur høg sats utan rabatt	181	281

- 1) Bilistane si eiga prising av bilbruk
- 2) Kostnad ved bilbruk, ref. SVV håndbok V712

I gjennomsnitt er det 0,7 passasjerar pr. bil på ferjene i Norge. I tabell over er det derfor rekna på eit alternativ med ein «gjennomsnittspassasjer» i bilen. Denne har 17 prosent rabatt (rabatt for passasjer på ferjekort).

## Passasjerstatistikk Molde-Vestnes 2014:

Passasjertrafikk Molde Vestnes	
Antall reisende pr år uten bil (2014)	1 012 000
Antall reisende med hurtigbåt Molde Vestnes	130 000
Passasjerer pr år Molde Vestnes	882 000
- herav pass. i bil, 0,7 pass pr bil 0-6m 678000 biler	475 000
- passasjerer i buss	86 000
- anslag på gående passasjerer på ferja	321 000

## Elevar som reiser dagleg (skoleåret 2015/2016)

	sum
Vestnes - Molde	113
Molde Vestnes (Vikebukt)	14
Aukra - Molde	76
Midsund - Molde	30
Rauma - Molde via Vikebukt	14

## Utrekning av reisetid

Strekning	Sammenligning av reisetider (minutt)		
	2016 reisetid	vik - julbø reisetid	hurtigbåt reisetid
Vestnes Molde	45	36	25
Vik - Molde	45	27	35
Ålesund - Molde	100	91	85
Åndalsnes - Molde	75*	77	71
Vestnes - Molde buss	47	45	25
Vik - Molde buss	50	35	35
Ålesund - Molde buss	127	125	105
Åndalsnes - Molde buss	90*	100	80

Vik - kryss til strekning Vik - Julbø  
 Ålesund - Vestnes iflg Google 57 min, 53 min uten trafikk  
 Åndalsnes - Vestnes 41 minutt via Tresfjordbrua  
 \* via Sølsnes - Åfarnes

Tabellen over samanliknar reisetid i dag (2016) med buss og bil på ny veg (Vik-Julbøen) og med bruk av hurtigbåt.

## Kjelder:

[Fylkesstatistikk 2015, utgaven av Møre og Romsdal fylkeskommune hausten 2015](#)

[Håndbok V712 – Vegdirektoratet \(2014\) – Konsekvensanalyser](#)

[http://www.vegvesen.no/attachment/704540/bin/ary/1073962?fast\\_title=H%C3%A5ndbok+V712+Konsekvensanalyser.pdf](http://www.vegvesen.no/attachment/704540/bin/ary/1073962?fast_title=H%C3%A5ndbok+V712+Konsekvensanalyser.pdf)

[Toftegaard, Heine Andreas Arntzen \(2007\) – Atferdsrelaterte kostnader ved personbiltransport](#)

[http://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/140704/Toftegaard\\_Heine.pdf?sequence=1](http://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/140704/Toftegaard_Heine.pdf?sequence=1)